

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
075/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

## Søknad til Næringsfondet 2021. God Utvikling AS - e-læring i kundebehandling, ledelse og motivasjon

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *e-læring i kundebehandling, ledelse og motivasjon* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

### Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

#### Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### ND- 075/21 Vedtak:

Prosjektet *e-læring i kundebehandling, ledelse og motivasjon* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

#### Bakgrunn

God Utvikling AS er eit aksjeselskap. Bransje: 85.599 Annen undervisning ikke nevnt annet sted. Registrert 17.11.2000. Kjelde: Proff.no

#### Saksopplysningar:

Firmaet flytta til Hundvin for 5 år sidan og har i 30 år gjennomført kurs, coaching og konsulentverksemd innafor leiing, motivasjon og kundebehandling - med helserelatert formål i feltet arbeids- og organisasjonspsykologi til store og mellomstore verksemdar. Forretningsideen er å gjere kompetansen tilgjengeleg via e-læring og nettmøte.

Utfordringa er å skape ei like god læringsoppleving som i klasserom/møte. Samstundes har e-læring fordelar som til dømes tilgjengeleg repetisjon. Forprosjektet med å finne riktige verktøy på nett har pågått i tre år. «God utvikling» definerast som "en økologisk resultatutvikling der de involvertes helse, trivsel og potensialer for personlig utvikling samtidig ivaretas».

#### Prosjektleveranse/Målsetting

Søklar ønskjer å gjere forretningsideen til permanente online kurs/rådgiving etter gjennomført forprosjekt. Formålet er å fremje god helse og utvikling for individ, grupper, organisasjonar og samfunn.

Søklar ønskjer også å gjere pilotprosjekt i samarbeid med private og offentlege aktørar i Alver kommune, for å kunne gje ein større moglegheit for god kommunikasjon i møte og i oppfølgjande læringsprosess.

#### Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
--------------	-------------	------------	----------

e-læring i kundebehandling, ledelse og motivasjon	1 500 000	200 000	0
---	-----------	---------	---

#### Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet e-læring i kundebehandling, ledelse og motivasjon får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

#### **Vedlegg i saken:**

15.06.2021	21_God Utvikling AS_soknad-2021-0027_30 apr 2021	1572677
15.06.2021	21_God Utvikling AS_soknad-2021-0027_Brosjyre_30 apr 2021	1572678
15.06.2021	21_God Utvikling AS_soknad-2021-0027_Brosjyre 2_30 apr 2021	1572679